

## Referat frå årsmøtet 2015 i Kvinnherad Idrettsråd

Rådhuset, Rosendal 03.03.2015 kl. 19 – 20.

### Møtt

Tor Harald Bringedal (leiar), Per Myklebust (kasserar), Anna Prestnes (nestleiar), Dagfinn Gjerde (styremedlem), Gunnar Våge (styremedlem), Svein Røyrvik (leiar valkomiteen), Arvid Næs (RTL), Anbjørn Høivik (skrivar), Kristian Bringedal (for kommunen), Jostein Hatteberg (RTL), Jeaneth Rangseter (valkomiteen).

Leiar Tor Harald Bringedal ønskte velkomen.

### Ordstyrar og referent

Som ordstyrar vart Tor Harald vald, Anbjørn vald til referent.

### Årsmelding

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga og den vart godkjend utan merknader.

### Rekneskap og budsjett

Rekneskapen vart delt ut og kasseraren gjekk gjennom den.

Kommentar til balansen: Kortsiktige fordringar er uteståande kontingent for 2014. Faktura vart sendt til idrettslaga 31.12.2014 med ein månads frist for betaling. Per dato er det vel 48.000,- på konto.

Årsmøtet godkjente samrøystes rekneskapen for 2014.

Det nye styret fekk fullmakt til å utarbeida budsjett for 2015.

### Val

Leiaren i valkomiteen la fram innstilling til nytt styre og føreslo at den nye styret konstituerte seg sjølv etter årsmøtet 2015. Både innstillinga og forslaget vart samrøystes vedtekne og det nye styret ser slik ut:

Representant	Verv	Valperiode	Status	Idrettslag
Anbjørn Høivik	Skrivar	2014 2016	Ikkje på val	Uskedal IL
Gunnar Våge	Kasserar	2014 2016	Ikkje på val	Rosendal TL
Anna Prestnes	Styremedlem	2014 2016	Ikkje på val	Kvinnherad Handballklubb
Dagfinn Gjerde	Styremedlem	2014 2016	Ikkje på val	Kvinnherad Handballklubb
Henriette Seim	Styremedlem	2015 2017	Ny	Kvinnherad Skyttarlag
Steinar Bjørkelund	Styremedlem	2015 2017	Ny	Strand-Ulv
Bjarte Solheim	Styremedlem	2015 2017	Ny	IL Trio
Ingvar Hølland	1. vara	2015 2016	attval	Halsnøy IL
Anton Sjursen	2. vara	2015 2016	Ny	Kvinnherad Handballklubb
Willy Kalsås	Revisor	2015 2016	attval	Rosendal TL
Anne Grete Sundal	Revisor	2015 2017	Ny	Omvikdal IL

Valkomiteen oppmoda det nye styret til å få etablert egne vedtekter for Kvinnherad Idrettsråd for å få klarare føringar for styret si samansetting.

Årsmøtet ga samrøystes det nye styret fullmakt til å peike ut ny valnemnd.

### **Eventuelt**

Kristian Bringedal orienterte om tilhøvet mellom idrettsrådet og kommunen samt saka om oppretting av ein stilling som idrettskonsulent i Kvinnherad.

Første møte i det nye styret vert 17.03.2015 kl. 19 i rådhuset. Anna kallar inn.

08.03.2015,  
Anbjørn Høivik,  
referent

I dagane etter årsmøtet vart det stilt spørsmål om gyldigheita av valet. Spørsmålet vart bringa inn for Hordaland Idrettskrins som uttaler at valet på årsmøtet 3. mars 2015 ikkje vart gjennomført iht. lovnorm for idrettsråd § 15. Idrettskrinsen har bedt om at det styret som vart vald på årsmøtet 3. mars innkallar til ekstraordinært årsmøte så snart som mogleg med val av leiar på saklista.

Lovnorma er tilgjengeleg frå denne nettsida: <http://www.idrett.no/tema/lover/Sider/Lovnorm.aspx> (rull litt ned på sida).